



Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Kulturdepartementet

20 JUL 2010

2010/01351-19

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201006063-4/662/RSKA

Dykkar ref.:

Bergen, 16. juli 2010

## Forslag om endring av Lov om folkebibliotek - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Saka om endring av Lov om folkebibliotek vart handsama, med heimel i sommarfullmakt, 5. juli i år og vedteken i samsvar med fylkesrådmannen sitt framlegg.

Vi oversender med dette Hordaland fylkeskommune si fråsegn.

Kopi av saksførelegg ligg ved.

Venleg helsing

Ronny B. Skaar  
stabsleiar



Arkivsak 201006063-3  
Arkivnr. 662  
Saksh. Ørnholt, Ruth

**Saksgang**

Fylkesutvalet

**Møtedato**

17.07.2008

**FORSLAG OM ENDRING AV LOV OM FOLKEBIBLIOTEK - FRÅSEGN****SAMANDRAG**

Hordaland fylkeskommune har fått forslag om endring av Lov om folkebibliotek på høyring. Bakgrunn er at bibliotekfunksjonane i ABM-utvikling i hovudsak skal overførast til Nasjonalbiblioteket. Det vil gi større fleksibilitet å ikkje angi i lovteksta kva institusjon som skal ivareta statlege bibliotekoppgåver.

Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve peikt på at ei sentralisering av oppgåvene på arkivbibliotek- og museumsfeltet, har ført til at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale tilhøve. Dette har gjort handlingsrommet for fylkeskommunane mindre.

**FORSLAG TIL AVGJERD**

1. Hordaland fylkeskommune støtter framlegget til endring av Lov om folkebibliotek
2. I samband med overføring av bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket må det må utviklast modellar for forpliktande samhandlig og bruk av regional kompetanse på bibliotekfeltet.

Paul M. Nilsen

Anna Elisa Tryti

Med heimel i sommarfullmakt gitt av fylkesutvalet i møte den 16. juni, sak 152/10, gjer eg vedtak i samsvar med fylkesrådmannen sitt framlegg.

Bergen 05.07.2010

Torill Selsvoll Nyborg  
Fylkesordfører

## **FYLKESRÅDMANNEN, 02.07.2010:**

Hordaland fylkeskommune har fått forslag om endring av Lov om folkebibliotek på høyring med høyringsfrist 06.08.2010. Bakgrunn er at bibliotekfunksjonane i ABM-utvikling i hovudsak skal overførast til Nasjonalbiblioteket. Det vil gi større fleksibilitet å ikkje angi i lovteksta kva institusjon som skal ivareta statlege bibliotekoppgåver.

Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve peikt på at ei sentralisering av oppgåvene på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet har ført til at statleg styring på feltet blir utforma og praktisert utan tilstrekkeleg forankring i regionale tilhøve, noko som har gjort handlingsrommet for fylkeskommunane mindre. Det bør utviklast modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.

Seinast oversendte fylkesutvalet i Hordaland (31.05.10) vedtak til Familie- og kulturkomiteen, som peiker på at fylkeskommunen bør få større ansvar for gjennomføring av ein nasjonal bibliotekpolitikk i samband med at bibliotekoppgåver som i dag ligg i ABM-utvikling, blir overført til Nasjonalbiblioteket.

Vestlandsrådet seier i ei pressemelding 18.juni, at ein ønskjer auka regionalpolitisk styring på arkiv-, bibliotek- og museumssektoren. Fylkeskommunane har høg kompetanse på ABM-området og nyttar årleg store summer til etablering og vidareutvikling av feltet. For å hindra at den regional- og lokalpolitiske eigarskapen forvitrar, må det verta betre samsvar mellom planlegging, politisk styring og økonomiske verkemiddel. For å sikra lokalpolitisk eigarskap, må ABM-oppgåvene som vert utført lokalt, vera resultat av regional- og lokalpolitiske vedtak og ikkje berre vera konsekvensen av statlege vedtak.